

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Mars 2026

Frivilligpris til Elisabeth og Trygve

Konfirmantleir

Ny sokneprest på plass i Skånevik



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo

Soknerådsleiar Etne: Steinar Frønsdal


Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:

Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70


Tilsette:




Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
kyrkjeverja@etnekyrkja.no
97 57 30 21




Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
90 89 28 85



Kari Vik Stuhaug
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
47 25 35 29




Per Hjemdal
Sokneprest i Skånevik
ph697@kyrkja.no
41 12 65 49




Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28




Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar
93 95 58 84



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Anne Holter Vae
Leiar barne- og ungdomsarbeid
tru@etnekyrkja.no
99 15 88 14

Fortid og framtid

Gud er trufast, han som har kalla dykk til fellesskap med sin Son, Jesus Kristus, vår Herre. 1. Kor 1, 9

For ei tid sidan blei eg merksam på ein liten sak som eg tydelegvis gjekk glipp av medan eg las hebraisk på prestestudiet, for mange år sidan. Det er ein slik skatt som det alltid passer bra å glede seg over, ikkje minst for meg som drog frå Etne og Skånevik, men no er tilbake her eg allereie har ei historie!

For å komme tilbake hit, er på ein måte å sjå bakover mot det som hende dei åra eg var her. Det var gode og formande år, for her fekk eg sjå borna vekse opp og flytte ut, og her fekk eg gode vener. Men det er samtidig å sjå framover: Korleis vil det no bli?

Men nettopp i det eg gjer slike refleksjonar, er det min skatt frå det hebraiske passer bra. For eg oppdaga at det hebraiske ordet for fortid: «Ke'dem», er det same som ordet for «framfor». Fortida blir altså noko vi har framfor oss!

Men ordet for framtid og det som kommer, «ak'har», er det same ordet som blir brukt for «bak, bak oss».

Det ser med andre ord ut som om Bibelen meiner at vi går baklengs inn i framtida, med blikket festet på fortida. Og det kan være rett på mange måtar!

Dette synes eg var fint å oppdage i det verda er uroleg, både med tanke på krig og miljøvern og våre barn og barnebarns framtid - ja vår eigen også. Vi håper og bed om det beste, både når det gjeld utfordringar med miljø, den politisk situasjonen og risiko for storkrig på vårt kontinent.



Men vi må erkjenne: Framtida? Nei, vi vet ikkje så mykje om den. I gravferd bed vi: Lær oss å telle våre dagar. Men korleis gjer vi eigentleg det? Når er talet på dagar nådd?

Framtida er nemleg ukjent, og utan auge i nakken, kan vi ikkje sjå kva som kjem. «Ak'har» betyr framtid, men også det som er bak oss.

Fortida er det derimot heilt annleis med. Den er like framfor oss, rett foran auga våre! Vi kan lese historie og bli kloke, men har ein tendens til å måtte lære av våre eige feil. Men alt vi har sett med våre eige auge, alt vi har opplevd, har allereie skjedd. Alt i

livet mitt er fortid, unntatt augneblinken no!

Auga våre sit fast i hovudet og definerer det vi kallar framfor oss. Det vi kan sjå. Fortida, altså! For det er fortida vi kan betrakte, reflektere over, tenke på, og sjå. «Ke'dem», fortid, det som er framfor oss.

Eg vet ikkje korleis det er med deg som har lest så langt, men nettopp at vi kan sjå fortida, er det som gjer iallfall meg trygg i møte med framtida. For i fortida er det vi ser at «Gud såg i nåde til landet vårt. At Gud i sin kjærleik ikkje gløymde», for å sitere Fedrelandssalmen. Og i fortida ser vi at vi trygt kan telle våre dagar i tillit til Guds nåde, sjølv utan å vite kor langt vi ender med å telle.

Ut frå det vi ser framfor oss, altså fortida, veit vi allereie at Jesus blei krossfest, død og gravlagd, for det skjedde i dei dagar. Så veit vi også at han stod opp frå de døde tredje dagen. Og noko veks frå då av. Ut frå det vi har sett, kjenner vi til ein heilag, allmenn kyrkje, forlating for syndene. Dette står fast, for det har skjedd.

Og alt som har skjedd, alt vi har sett i fortida vår, og fortida til kyrkja, gjer oss frimodige til å gå i blinde mot framtida. For Gud som vi trur på, har vist seg å være trufast mot alle sine løfter. Difor kan vi stole på dei løfta vi har fått, som vi enno ikkje har sett oppfylt – dette vi vedkjennast: oppstoda av lekamen og det evige liv.

Og dette kan vi tru, dvs. stole på. For han som gav oss løftet – det har vi sett – er ein Gud som har vært trufast mot alle dei andre løfta sine allereie.

Per Hjemdal

Bibelreisen – eit undervisningsopplegg for småskulen

Skaping, syndefall, storflaum, språk.

Så enkelt kan ein fortelje dei 11 første kapitla i Bibelen, det som heiter Urhistoria.

Dersom ein legg rørsle til, kan ein også hugse det med kroppen. Det er dette trusopplærar Anne no har tatt kurs i: Å fortelje heile bibelhistoria ved hjelp av hugseord og rørsler.

Og dette gler ho seg til å ta i bruk i møte med skulane her i Etne. For bibelhistoria er obligatorisk kunnskap for alle skuleborn, men kva er betre enn å gjere det spennande og interaktivt?

Blir ikkje dette forkynning? Nei, seier Anne, vi kan jo ikkje forkynne i skulen. Eg fortel berre historia, og har sjølvsagt auge for ikkje å prøve påverke. Tvert om, dersom nokon får heim eit skulebarn som har hatt ein gøy time og lært om Bibelen, er det jo eit glimrande høve for å ta ein prat i heimen, om kva



Anne Holter Vae gler seg til å fortelje spennande historiar om dei mange skikkelsene i Bibelen. Foto: Per Hjemdal

ein trur eller ikkje trur. Så det oppmodar eg heller til.

Men å kunne litt om denne boka som meir enn nokon andre bøker har prega vårt samfunn, det er nyttig og godt. Difor kan nokre skuletrinn snart få besøk av Anne!

Per Hjemdal

Ung Skjærtorsdag

Alle er velkomne til gudstenesta skjærtorsdag. Etterpå blir særskilt UNGE VAKSNE inviterte til vafler og smågodt, ein god prat med gamle

kjende og kanskje nokre nye. Soknerådet vil med dette gi eit tilbod både til dei som kjem heim til påske og til dei som bur i bygdene våre.

Kvardagsmiddag saman og ein syrisk festmiddag

Ein tysdag kvar månad er det middagsserving for alle som vil på Kyrkjetorget i Etne kyrkje. Når Tripp Trapp sluttar av for dagen trillar komiteen inn suppe, brød og det som trengs. Barn, foreldre og alle som vil får for ein 50 lapp eit varmt måltid i kjekt lag. Det har vore ca 40 dei tre gongene tilbodet er prøvd, og det er plass og mat til fleire. 17. mars og 28. april er det kvardagsmiddagar og 19. mai avsluttar me med ein festmiddag med syrisk mat. Kafeen er open frå frå kl 15.30- 17.30.

Velkommen innom!



Påskekonsert i Etne kyrkje

Velkommen til påskekonsert i Etne kyrkje, tirsdag 31. mars kl.19, med Leif Jone og Lars Bernhardt Ølberg. Med eit program som følgjer dagane frå Palmesøndag til Påskedag, gir Leif Jone med sin varme og uttrykksfulle stemme publikum ei god oppleving med vakker påskemusikk.

Leif Jone Ølberg er internasjonal songar som har vore solist i store oratorier og har sunge hovudroller i kjende operaer.

I fleire år har han saman med Rhoda Wilhelmssen vore engasjert i Baraka Opera Kenya i Nairobi, der han underviser kenyanske songarar og opptre i opera, konsertar og kyrkjer.



Saman med far sin, Lars Bernhardt Ølberg på orgel og piano, held Leif Jone jamleg konsertar og turnèar. Dei er kjende for sitt nære samspel og varme uttrykk.

UngdomsMIDDAG

Mange ungdommar lever travle liv. Gjer du? Mange ungdommar ønskjer uformelle møteplassar utan krav til prestasjon. Gjer du?

Velkommen til UngdomsMIDDAG i Etne kyrkje. Sosialt og gratis! Ein måndag pr månad. Kl. 14.30-16.00. Det blir servert vanleg middag. Heilt GRATIS og utan påmelding. **BERRE MØT OPP!**



Fornøgte ungdommar på middag.

Foto: Elisabeth Vae Haaland

Sosialt og hyggjeleg. Klar til trening og liknande, utan å gå heim først. Du kan også finna ein krok å gjera lekser i. Det er Etne Sokneråd som står bak tilbodet.

Slik presenterer vi dette nye lågterskeltilbodet i SMS til kvar enkelt ungdom.

9. februar hadde vi første middagen. Ein god gjeng med frivillige på kjøkkenet stod klare til å servere kjøttkaker med alt som høyrer til. Vi var spente på kor mange som kom, for dette var noko heilt nytt som vi ikkje hadde prøvd før. Då tida var inne var det 15 ungdommar som

såg ut til å setje pris på maten. Det flotte er at vi har plass til fleire ungdommar, så berre kom.

UngdomsMIDDAG vert det:

2. mars
13. april
11. mai
8. juni
14. september
12. oktober
9. november
14. desember

Dugnadsgjengen på kjøkkenet. F.v. Gerd Ingunn Opdal, Astrid Trå Sørheim, Anne Grete Hilt, Kari Gjellestad, Ståle Sørheim og Tore Thomassen.

Foto: Elisabeth Vae Haaland



Verdset du kyrkja sitt arbeid blant barn og unge?

Då vil me gjerne ha deg med som fast gjevar!

Sokneråda har som mål å samla inn om lag kr 210000 til arbeidet med barn og unge kvart år. Det gjer det mogeleg å ha ein tilsett i deltidsstilling.

Dei siste åra har me mista mange faste gjevarar, og vil no utfordra fleire til å bli med på laget! Om 100 gir 1000 er me halvvegs. Om

50 gir 4000 er me i mål.

Slike gåver gjev rett til skattefrådrag (inntil kr 25000 per år). For å få skattefrådrag må administrasjonen på kyrkjekontoret få vita personnummeret ditt. Ta gjerne kontakt med Kyrkjekontoret for å gjera avtale, eller du kan leggja inn fast trekk i nettbanken.

Enkeltgåver tas også imot med takk!

VIPPS 43272 eller Konto: 3626.46.37958

Jubileumshelg og salmebokutstilling

Første søndag i advent heldt me tre jubileumsmarkeringar i Skånevik kyrkje.

Sjølve kyrkja var 125 år og orgelet 50 i 2025.

Dessutan var det 100 år sidan Nynorsk salmebok låg klar. Det var ein viktig milepæl i kampen for den nynorske salmesongen, etter at først nokre av Elias Blix sine salmar i 1892 hadde fått plass i Landstads Salmebok. Det seiest at det nokre stader blei bestemt at desse skulle syngjast sist i gudstenesta, slik at folk kunne ha høve til å gå frå kyrkja før så skjedde.

Soknerådet fekk til markeringa i stand ei framifrå utstilling av den lange salmebokhistoria i kyrkja vår. Her var den fyrste, Hans Thomis-søns Psalmebog frå 1569, Kingos Psalmebog frå 1699, «Gamle Landstad» frå 1870 og dei seinare frå 1900- og 2000-talet.

Nynorsk salmebok og Landstads Reviderte kom ut med eit års mellomrom i 1925 og 26, og mange stader var det kamp om kva bok ein skulle innføra.

Dei siste 40 åra har me fått 3 nye salmebøker. Det har ikkje minst samanheng med store bylgja av høgverdig salmedikting i landet vårt, og



ein har teke inn endå meir frå den engelsktalande verda og heile den verdsvide kyrkja.

Frå hyller og loft blei gamle, nedstøva salmebøker henta ned og blei til ei fin utstilling i Skånevik kyrkje. Der var mange fleire bøker enn dei mest vanlege me har nemnt. Også frå dei norsk-amerikanske kyrkjene.

Utstillinga formidla historie, men kunne og minna oss om at me har vore og skal vera ei syngjande kyrkje.

Gudstenesta første søndag i advent var ei familiegudsteneste med avslutning av Lys Vaken.

Mange barn var med og lyfta gudstenesta til ei fin oppleving. Det var 3-dobbelt jubileum, men med blikket retta mot framtida.

Harald Grønnevik

Frivilligpris til Eli

Elisabeth Vae Haaland og Trygve Haaland vart tildelt Sunnhordaland Prosti sin årlege frivillighetspris for 2025. Den fekk dei for sitt mangeårige arbeid for og med born og unge i kyrkja i Etne.

Prisen vart delt ut under Sunnhordaland prosti sin årlege nyttårsmottaking søndag 4. januar, og Kyrkjeporten stiller seg opp i rekka av gratulantar. Denne utmerkinga går årleg til personar som utmerkar seg med frivillig innsats i kyrkjelydsarbeid, og startar med at sokneråda i prostiet sender inn innspel på kandidatar. Det var med stort frimod at me her i Etne spela inn Elisabeth og Trygve som forslag til denne prisen. Dette er kandidatar som i ei årrekke både kvar for seg, og som ektepar har vore, og er, sterkt engasjerte i kyrkjelyden sitt arbeid, særskilt for born og unge. Dei har i mange år med sin utrøyttleige og førebiletlege innsats medverka til tilbod som Fredagsklubb, Krik og Soul children. Eller teknisk, på lyd og bilete, konfirmantleir, soul-children-tur, bedehusstyret og kor det måtte vera behov for ein innsats.

Den fyrste spede start av KRIK var faktisk på Rygg Skule heilt tilbake i 2007-2009. Frå 2013 har KRIK vore eit tilbod til unge på fredagskveldane i Etne Kyrkje. Fredagsklubben har endå lengre historikk bak seg, men desse to har også her gjort ein stor innsats for dette tilbodet. På sin fine veremåte ovan-

for borna og ungdomane, har Elisabeth og Trygve skapt gode opplevingar, gode og trygge møteplassar for dei unge, og vore gode formidlarar av det kristne evangeliet. Kyrkjelyden vår er svært takksame for alt det gode arbeid som desse to har lagt ned så langt, og at me framleis får nytta godt av deira innsats. Også ungdomane frå heimen deira stiller like naturleg opp til innsats som foreldra. Prisvinnarane sjølv syns jo naturleg nok at det er kjempestas å få denne anerkjenninga, og noko av det som har motivert dei og gitt dei energi, er at dei har fått blitt kjent med alle dei flotte ungdomane, og medverka til å gjera kyrkja til ein trygg stad der ungdomane kan vera seg sjølv, og på denne måten ufarleggjera det å vera kristen og det å vera i kyrkja.

Sunnhordaland prosti har peika ut åra 2025 og 2026 som ungdomsår, og startar dette året med denne utdelinga, for å vera med og understreka kor viktig det er at det både her i Etne og i ein kvar kyrkjelyd er villige varme og gode menneske som brukar av sine krefter og tid på born og unge. Prost Arild Steinsland er på vegne av kyrkja og prostiet svært takksam for all frivillig innsats som vert lagt ned, og Etne og Skånevik Sokn er slett ikkje noko unntak, noko desse to verdige prisvinnarane er representantar for. Det var vår eigen ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim som med

Istandsetjing av Grindheim kyrkje

I førre nummer av kyrkjeporten skreiv me at me dette året skulle starta istandsetjing av Grindheim kyrkje. Me fekk avslag på søknaden om løyve til å starta arbeidet i år. Det må gjennomførast eit

særskilt forprosjekt før me kan starta sjølve istandsetjinga. Arbeidet blir difor utsett truleg i eitt år.

And Jorunn Baustad

sabeth og Trygve



Frå v. Leiar i Sunnhordland prostiråd Kirsti Frugård, Trygve Haaland, Elisabeth Vae Haaland, Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og prost Arild Steinsland.

Foto: Kari Vik Stuhaug

stoltheit fekk æra av å dela ut prisen, og ho heldt i talen sin fram kor viktig dei frivil-lige er, ikkje minst i kyrkja, og for born og unge.

Soul Teens

Det var forøvrig mange stolte Etnebuar med til Stord på nyttårsmottakinga denne kalde sundagen i januar. Det var også Soul Teens, som deltok med nydeleg song under programmet i Nysæter kyrkje. Tolv glade og livlege ungdomar reiste med minibuss til Stord, for å vera med på nyttårsmottakinga og prisutdelinga, naturleg nok stolte over at leiarane deira vart sett pris på. Soul Teens er forøvrig ganske nystarta, koret er for ungdom frå 8. klasse og oppover, og byggjer vidare på Soul Kids for dei minste, Soul Children for dei litt eldre og altså nå frå 8.klasse og oppover. Dei møtest annankvar torsdag, rett etter skulen, og startar øvinga med felles middag, før dei startar med song



Etne Soul Teens deltok med song på prostidagen.

Foto: Aud Jorunn Baustad

og musikk. Alle er hjarteleg velkomen til å vera med. Og blir du overraska når me røper kven som er leiarar? Elisabeth og Trygve, saman med Tone Flokketvedt og Anne Holter Vae.

Steinar Frønsdal

Påskequiz

1. Kva for ein farge blir forbunde med påska? Og kva for ein frukt, iallfall i Noreg?
2. Påske og krim heng saman. Kva for eit ord manglar i tittelen på denne kjente spenningsromanen frå 1923: " _ _ plyn-dret i natt".
3. Kva heitte mannen som Pontius Pilatus sleppte fri i staden for Jesus?
4. Kor mange sølvpengar fekk Judas for å svike Jesus?
5. Kor mange blei krossfest saman med Jesus?
6. Josef frå Arimatea bidrog med ein viktig ting i samband med Jesu død. Kva?
7. Josef frå Arimatea var jødisk rådsherre. Ein annan jødisk rådsherre hjelpte også til med å få Jesus gravlagd. Kva heitte han?
8. Kven av apostlane hadde med eit sverd til Getsemanehagen?
9. Og kva for ein kroppsdel blei skadd ved hjelp av dette sverdet?
10. Kva slukker påskemorgen, ifølge salmen?
11. Kven sette ut ryktet om at disiplane hadde stole liket til Jesus?
12. Etter at han var stått opp, tok Jesus vegen til kva for ein by?
13. Kven av apostlane var ikkje med første gong Jesus openberra seg etter oppstoda?
14. I ein kjent påskesong er «dine hender fulle av» – kva?
15. Kva for eit sør-amerikansk land høyrer Påskeøya til?
16. Og den kjente nordmannen som leia ein ekspedisjon dit på 1950-talet, var ...?
17. Dei tre fargane på papiret til Kvikk Lunsj?
18. Solo er ein heilnorsk brus. Men frå kva for eit land kom oppskrifta frå?
19. Paulus, Hannibal, David - kven av desse les vi ikkje om i Bibelen?
20. 1995, 1997, 1999 – frå kva for eit år har vi løyst Påskekrim på mjølkekartongen?

Fasit annan stad i bladet.





Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagskolen.no
eller 22 68 71 60



Desse to bilde er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?



Teikoning: Trevor Kien




✓its:

- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.

Labyrinth

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

723 633

Det mystiske agentalfabetet:

Handwritten alphabet example: H Z A C T I L N Y F E Z O V D P R S Q B A U X L Z Y X

A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z A B

Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.



 Søndagsskolen – mer enn du tror

Kyrkjetekstilane i dei gamle kyrkjene i Etne

Andre veka i januar hadde me besøk av 2 tekstilkonservatorar frå Bevaringstenesta, Museumssenteret i Hordaland. Dei hadde fått tilskot frå kyrkjebevaringsfondet til eit pilotprosjekt for å bidra til bevaring av kyrkja sin verdifulle tekstil-arv, gjennom å bygga kompetanse og dela kunnskap i form av eit praktisk kurs.

I løpet av veka fekk me opplæring i god bevaring av kyrkjetekstilar og forebyggjande tiltak.

Arbeidet inkluderte kartlegging og tilstandsvurdering av tekstilane i kyrkjene, i tillegg vart små vedlikehald-, reparerings- og konserveringstiltak gjort.

Mange av tekstilane i kyrkjene vart rein-gjort ved forsiktig støvsuging. Det vart laga nye oppheng og støvposar til dei fleste messehaklane.

Stødle kyrkje

Antependiet/altarklede i Stødle kyrkja er den eldste kyrkjetekstilen me har i Etne, det er frå 1705, og er i raud, tjukk ull med gult silkebroderi. Altarduken er datert 1957 og er brodert med hardangersaum.

Stødle er den einaste kyrkja som har messehaklar i alle kyrkjeåret sine fargar, raud, kvit, grøn og fiolett. Den raude og kvite er ein vendbar messehakel, kvit på eine sida og raud på andre. Den grønne i vove ullstoff er frå 1989 og er laga av Johanne Hardeberg. Den lilla som er den nyaste er det Helene Paulsen som har laga, den er frå 1995.

Desse messehaklane blir oppbevarte og

brukte i Etne kyrkje no, då me ikkje har eigne messehaklar til den nye kyrkja enno.

Gjerde kyrkje

Den eldste kyrkjetekstilen i Gjerde kyrkje er antependium som er datert 1716. Dette er av eit spesielt ullstoff, truleg frå England, og har frynser og duskar i ullgarn nedst. På grunn av høg luftfukt i kyrkja har det blitt mugg på dette antependiet. Det vart støvsuga for mugg, og små hol og skader vart reparert. Det skal no oppbevarast annan tørr og varm stad.

Gjerdekyrkja har 2 altardukar, som ein byter på å bruka. Den eine er brodert i svartsaum og er datert 1963. Den andre altarduken er med holsaumbroderi.

Det høyrer 2 messehaklar til kyrkja. Den nyaste, som er i bruk no, er raud med gulldekor og applikasjon. Den andre messehakelen er i mørklilla bomullsfløyel dekorert med sølvband.

Grindheim kyrkje

Antependiet i Grindheim er tjukt raudt ullstoff med broderi av kross og lam på midten.

Altarduken er datert 1957 og har hardangersaumsbroderi.



Trekk til messehaklar sydd



: sydd i tyvek.

Kyrkja har 2 messehaklar, der den nyaste er i bruk. Denne er raud med gulldekor og er levert av norsk husflidsforeining. Den eldste messehakelen er i brun fløyel.

Altardukar

Alle altardukane i desse kyrkjene er brodert av Gudrun Børve. Ho broderte mange du-



Sying av trekk til messehaklar.



Støvsuging av antependium.

kar til kyrkjer rundt i Norge, og til sjømannskyrkjer i andre land. For dette fekk ho kongens fortenestemedalje i 1986.

Aud Jorunn Baustad

Foto: Emma Hartikka og Philippa Moxon



Oppmerksame konfirmantar.

Foto: Kari Vik Stuhaug

Å reise på konfirmantleir høyrer med til eit godt konfirmantår. Mange konfirmantar har med forteljingar om korleis det var då dei vaksne i heimen var unge for lenge sidan: Då sprang alle ute om nettene, gjorde strekar med leiarane og hadde masse gøy! Dermed er forventningane skrudd litt opp når dei kjem til leirstaden, og dei er klar for det meste.

Dei ti boda var tema for undervisninga når årets konfirmantar i Etne og Skånevik drog på leir på Brandøy. Sokneprest Kari hadde grep om tema og metode, og mange gode hjelparar fekk servert kvar sin del at eit godt utarbeidd undervisningsopplegg.

Å arbeide med etisk refleksjon i møte med dei ti boda frå Bibelen, er spennande både for unge og vaksne. Å sjå korleis desse gamle boda stadig pregar vårt samfunn, samtidig som ein leitar etter den djupare mening bak orda, gjev mange tankar og gode samtaler.

Korleis skal ein forresten laga drama av bodet «Heidre far og mor», eller «Du skal ikkje tale usant om nesten din»? Konfirmantane løyste det på ti minuttar!

Sjølvsagt er det også mykje leik og moro på



Dramatisering av eit av boda.

Konfirm

leir. Konfirmantane sjølv kjem stadig opp med nye og morosame leikar. Då må alle springa eller sitje på fanget til kvarandre eller kva det kan vere. Også sketsjar og konkurransar på scenen er gøy. Berre så dumt at alle mobilane måtte vere på hotell, så nesten ingen fekk tatt bilde og video.



Foto: Per Hjemdal

antleir

Eller kanskje det var like greitt?

Vi var heldige med snø på leiren. Nokon nytta sjansen og bada i snøen som kom, medan andre heller spelte volleyballturnering i gymsalen, eller kort i peisestova. Når det gjeld mat, blir ein nesten bortskjemt på



Leah Emilie Owe var den tøffaste når det kom til snøbading. Foto: Kari Vik Stuhau

Brandøy. Taco og kylling og pizzaboller og frukt og alt som høyrer til – dette er leirstaden god på.

Til slutt ein takk til foreldre som brakte konfirmentar fram og attende, og ikkje minst dei som fekk jobben som nattevakt og skulle sjå til at deira ungdommar ikkje gjorde som dei sjølv i si tid – altså springe ute om nettene. Men det gjorde dei sjølv-sagt. For noko er som det var.

Per Hjemdal

Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia, ved hjelp av Kirkens Nødhjelp. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost. – Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.



Gaba (13) er glad for reint vatn i kanna.

Foto: Håvard Bjelland

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. – Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart og reint, heile året, seier Gedewon.

Åsne Gullikstad

Konfirmantane våre går for Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

I 2025 samla bøsseberarane i Etne og Skånevik inn **58 639 kroner**.

Dette betyr at folk i Etne kommune gav **reint vatn til 235 personar**. Dette var ein liten nedgang frå året før, sjølv om konfirmantane i Skånevik samla inn meir enn i 2024. Likevel - kanskje kan me klara å gi meir enn 14 kr pr.

person i år?

Konfirmantane kjem på døra tysdag 24. mars. Dei tek i mot kontantar og minner om at me kan vippsa om det passar betre. Støtt aksjonen med ei gåval! Kjem dei ikkje? – **Du kan VIPPSA til 2426.**

Misjonskveld med gamlepresten

Misjon var temaet på kyrkjelydskvelden på Enge Bedehus som soknerådet arrangerte fastelavenssøndagen. Mellom 40 og 50 personar hadde møtt fram for mellom anna å få møta igjen og høyra Asbjørn Salthe, som var sokneprest i Etne nokre år på 1990-talet. I tida etterpå har Salthe vore innom ulike stillingar, fram til han vart pensjonist for tre år sidan etter då ha vore sokneprest i Suldal i sju år. For tida har den tidlegare Etne-presten ein halv stilling som sokneprest i Hjelmeland, der han også bur. I tillegg brenn han framleis for misjonen gjennom ei rolle i Det Norske Misjonsselskap (NMS). Asbjørn Salthe var sjølv i ein seksårsperiode på 1980-talet misjonær i Taiwan.

I lette ordelag trekte Salthe linjer langt tilbake i historien for å visa korleis kyrkja og misjonen har jobba for eit menneskesyn som skal gi alle menneska, kvite og svarte, i verda dei same rettane. Det starta alt med innføringa av kristenretten i 1024, som sa at kvart menneske har ukrenkeleg verdi. Salthe fortalde om Åsmund T. Vinje frå Vinja i Stordalen som i 1842 gjekk over fjellet til Sauda for å koma seg med båt til Stavanger for å vera med på stiftinga av NMS. Organisasjonen sende etter kvart misjonærar ut til fleire verdsdelar, og om lag 16 år etter stiftinga samla den same Vinje arbeidsfolket sitt på garden inn til graut for å feira at den første personen i Afrika var døypt av misjonærar frå NMS.

Salthe trekte også fram NMS-misjonæren Hallfdan Endresen, som hadde ei over tretti års misjonærteneste i Kamerun fram mot 1963. Lokalt slaveri var framleis eit utbredt fenomen i landet, og Endresen la ned eit stort arbeid for å få slutt på dette. Han samarbeidde også med FN om denne proble-



Foto: Alf Østrem

matikken. Sjølv om Endresen møtte motstand lokalt med sitt arbeid mot slaveri, og også delvis frå kolonimakta Frankrike, fekk han etter kvart tildelt ein kamerunsk orden som påskjøning for sitt arbeid mot slaveri og for sitt humanitære arbeid. Her var det også det kristne menneskesynet som altså vann fram til slutt.

Boller og kaffi blei servert på kyrkjelydskvelden, dei frammøtte fekk prata saman, og ein framleis svært oppegående Asbjørn Salthe fekk tid til å helse på gamle kjenningar. Steinar Frønsdal leia samværet, som blei ein koseleg avslutning på ein dag som hadde gitt nye medaljar til norske utøvarar under OL i Italia.

Alf Østrem

Konsert med ungdomskor

Norheimsund og Øystese ungdomskor har i seinare år lagt fleire av sine påsketurnear til vårt distrikt. Mange har på denne måten fått eit sterkt møte med påskeforteljinga frå palmesundag til påskedag. Dette året kjem dei tilbake. Det er gratis inngang til konsertane, men det vert teke opp kollekt til eit misjonsprosjekt som dette året er eit prosjekt som Normisjon driv i Aserbajdsjan.

Kor medlemene betaler heile turneen sjølv, og alle dei innsamla midlane går til dette prosjektet.

Turnéprogrammet:

Laurdag 28. mars kl. 19: Etne kyrkje

Sundag 29. mars kl. 11: Vikebygd kyrkje (del av gudstjenesta). Sundag 29. mars kl. 19: Aksdal kyrkje. Måndag 30. mars kl. 19: Sandeid Kyrkje. Tysdag 31. mars kl. 18: Leirvik bedehus.



Ukraina i Skånevik

22. februar var det 4 år sidan det russiske angrepet på Ukraina. Som europeiske naboar vil vårt land som rett er, ta imot flyktningar frå det hardt ramma landet med over 40 millionar menneske.

I Skånevik bur der no 10 flyktningar frå Ukraina. La oss ta venleg og varmt imot dei i bygdefellesskapet og i kyrkja den tida dei bur mellom oss.

På Gjestgjevargarden lagar Helselaget, soknerådet og Gjestgjevargarden regelmessig til språktreff der dei får treffa bygdefolk til prat og aktiviteter.


Ute på bygda kan me møta dei med smil og handtrykk, sjølv om språket oss imellom enno ikkje heilt strekkjer til. Det vil no koma seg.

I kyrkja vil me gjerne også inkludera dei i gudstenester og anna. Dei tilhøyrer stort sett

andre kyrkjetradisjonar enn vår, men høyrer, saman med oss i den store, verdsvide kyrkja, og me gler oss når dei kjem inn i kyrkjefellesskapen.

Landet og folket dei-
ra har og
ein stor
plass i kyr-
kja sine
forbøner
no i denne
tida.

*Harald
Grønnevik*



Kyiv i Ukraina.

Foto: Oleksandr Zavialov

Gjerde kyrkje 350 år

I oktober skal me feira 350-års jubileum for Gjerde kyrkje. Kyrkja har ein interessant historie, og me håpar å få formidla mykje av den til bygdefolket denne veka.



Det blir varierende program gjennom ei heil veke. Biskop Ragnhild Jebsen kjem til jubileumsgudstenesta 18. oktober.

Dette er klart av program:

- Lør. 17. okt. Kyrkjeprat ved Alf Østrem med gjester.
Søn. 18. okt. Jubileumsgudsteneste i Gjerde kyrkje, med kyrkjemiddag etterpå.
Fre. 23. okt. Konsert med Økland's i Etne kyrkje.
Lør. 24. okt. Historisk foredrag med Jørn Øyrehagen Sunde.
Søn. 25. okt. Familiegudsteneste.

Dette er også under planlegging:

- Open kyrkje - omvising og historieforteljing.
- Pilgrimsvandring frå Stødle til Gjerde.
- Orgelkonsert
- Skulebesøk vekedagane, der fokuset er historieformidling.

Aud Jorunn Baustad

Påskequiz Fasit

1. Gul, appelsin
2. Bergenstoget
3. Barabbas
4. 30
5. 2
6. Han eigde grava
7. Nikodemus
8. Peter
9. Eit øre
10. Sorgen
11. Soldatar, på oppdrag frå overprestane og dei eldste blant jødane
12. Emmaus
13. Tomas
14. Blomar
15. Chile
16. Thor Heyerdal
17. Grøn, gul og raud.
18. Spania
19. Hannibal
20. 1997

Eldrefest

Velkommen til eldrefest 23 april
kl. 18.00 på kyrkjetorget i Etnekyrkja.
Harald Grønnevik deltek, og Anne

Grethe Rullestad og John Arne Markhus
bidrar med musikalske innslag.

Områdestemne for Misjonsselskapet i Etne

Det norske misjonsselskap held områdestemne for Sunnhordland i Etne kyrkje og bedehus søndag 12. april. Misjonsselskapet har 2 foreningar i Etne kommune, Etne og Mortveit. Der kjem folk frå heile Sunnhordland, og alle er velkomne på samlingane denne dagen.

Programmet for dagen er slik: Gudsteneste i Etne kyrkje kl 11. Kari Vik Stuhaug og Geir Sakseid.

Middag med påmelding til Eli Garvik 922 27 948 eller Solgunn Håheim 957 47 106.

Årsmøte.

Open misjonsfest i Etne bedehus kl 16. Talar er rådgjevar for Midtøsten i NMS, Geir Sakseid.

Harald Grønnevik

Takk til våre annonsørar!



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell studiekompetanse

Misjonssambandet skoler

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!



LAUAREID
Service

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

SKL 



BRØDRENE
MÆLAND 15 Bygget i år

MØBELRINGEN




Etne Bilservice

Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustadddraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teikneterester
- Søknadsprossessar

Vigor BYGG  **Systemhus**

– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614



Livets gang

Etne sokn

Døypte:

25.01 Ellie Flatebø Steine

22.02 Andrea Lærdal

22.02 Ellie Ludvigsen

Gravlagde/bisette:

13.01 John Magne Seljelid

06.02 Anne Lise Bringedal

20.02 Ingunn Marie Skarsvåg

24.02 Johannes Østrem

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258



Per Hjemdal saman med medverkande, f.v. kyrkjetenar Re Gjevre Tjelle, ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, so soknerådet Silje Malene Garvik og kyrkjevert Ingrid Sævar

Ny sokneprest på

Søndag 18. januar vart Per Hjemdal formelt innsett som sokneprest i Skånevik. Kyrkja var fylt med folk frå heile kommunen som ville ynskje Per velkomen tilbake. Nestleiar



2 idar Leknes, organist Solveig Sørheim, medliturg Martha
 1 kneprest Per Hjemdal, prost Arild Steinsland, nestleiar i
 r eid. Foto: Aud Jorunn Baustad

plass i Skånevik

i Soknerådet Silje Malene Garvik las helsing
 frå biskopen og sjølve seremonien vart leia
 av prost Arild Steinsland.

Kari Johansson

Livets gang

Skånevik sokn

Døypete:

11.01 Astrid Rullestad
 08.02 Tora Marie Grotnes Staurland
 01.03 Freja Konova
 01.03 Nikolas Konovas
 01.03 Eldar Sævareid

Vigde

08.02 Guro Grotnes Andersen
 og Jan Sverre Staurland

Gravlagde/bisette:

28.01 Reidun Austrheim Fjæra
 29.01 Olav Fjæra
 06.02 Audhild Dagny Drange
 13.02 Astrid Severine Rullestad
 17.02 Berit Hornenes
 06.03 Borghild Sævareid



Opningstider

Onsdag 11-16
 Laurdag 11-15

**Velkomen innom
 for ein god handel!**

Gudstenestekalender



22.03.	11:00	Etne kyrkje	Påskevandringsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.03.	17:00	Skånevik kyrkje	Påskevandringsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
02.04.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.04.	11:00	Grindheim kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.04.	17:00	Skånevik kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Per Hjemdal
04.04.	23:00	Stødle kyrkje	Påskennattsmesse	Per Hjemdal
05.04.	12:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
05.04.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
06.04.	11:00	Fjæra kapell	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
12.04.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
19.04.	18:00	Etne kyrkje	Ung Messe v konfirmantar	Kari Vik Stuhaug
26.04.	17:00	Skånevik kyrkje	Samtalegudsteneste	Per Hjemdal
02.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Per Hjemdal
09.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
09.05.	13:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	11:00	Etne kyrkje	17. mai-gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	11:00	Skånevik kyrkje	17. mai-gudsteneste	Per Hjemdal
17.05.	13:30	Fjæra kapell	17. mai-gudsteneste	Per Hjemdal
24.05.	11:00	Gjerde kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
07.06.	11:00	Eikehaugen	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
07.06.	13:00	Frette kapell	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
14.06.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
21.06.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	
28.06.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudstjeneste	Per Hjemdal
12.07.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudsteneste	
19.07.	11:00	Løa på Rullestad	Gudsteneste	Egil Larsen
26.07.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	
02.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	
09.08.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	
16.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	
23.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	
30.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal
06.09.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Per Hjemdal

Endringar kan koma, følg med i Grannar eller www.etne.kyrkja.no.

Redaksjonsnemnda i kyrkjeporten: Harald Grønnevik, Kari Johansson, Steinar Frønsdal, Alf Østrem, Per Hjemdal og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.